

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 07.06.2021  
**Tidspunkt:** 09:00 - 10:00

## Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leiar	VANG
Marit Sletten	Nestleiar	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Harald Sve Bjørndal*	Medlem	VÅGÅ
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjersti Bjørnstad	Medlem	IFK

## Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Håvar Korshavn	Kjersti Bjørnstad	IFK

## Merknader

\*Harald Sve Bjørndal deltok på siste del av møtet.

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO - Jotunheimen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Trude Brosvik (sign.)

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 24/2021	Godkjenning av sakliste og innkalling		
ST 25/2021	Referatsaker		
RS	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 15.04.21		2019/12439
RS	Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS		2021/2477
RS	Signert kontrakt - Saksnr. 2021/3711 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Evaluering av forskriftsendring for bruk av el-sykkel	X	2021/3711
RS	Høyring - frivillig vern av skog for Lykkja - Årdal		2021/4348
RS	Utsiktspunkt Vettisfossen - Sti-arbeid Vetti - Vettismorki - Referat frå synfaring 04.05.21		2019/12439
ST 26/2021	Delegerte vedtak		
12/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone for kartlegging av berggrunn - Scan Survey		2021/5264
13/2021	Delegert vedtak - Forlenging av dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre		2021/3018
14/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer og avfall til Avdalen Gard - Stiftinga Avdalen Gard		2021/5085
15/2021	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021-2022 - Snøskutertransport - materialar til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS		2021/5287
16/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - helikopter - transport av målestaker og annet utstyr - målinger på breer og isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat NVE		2021/3694
17/2021	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Bruk av drone - Kartlegging av berggrunn - Scan Survey		2021/5264
18/2021	Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen Nasjonalpark - Filming med drone - Smørstabbreen og Fanaråkbreen		2021/5658
19/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2021 - Bruk av helikopter for transport av materialer til Storeselet på Vettismorki - DNT Oslo og Omegn		2021/5507

20/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Snødekt mark - Utkjøring av skiltstativ Besseggen - Vågå Røde Kors	2021/4538
ST 27/2021	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Forvaltningsplan- Opplegg for planrevisjon	2019/5553
ST 28/2021	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2021/5210
ST 29/2021	Eventuelt	

## **ST 24/2021 Godkjenning av sakliste og innkalling**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021**

#### **Vedtak**

Sakliste og innkalling godkjent.

Trude Brosvik vart vald til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

## **ST 25/2021 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021**

Eldrid Nedrelo orienterte om status på prosjekt utsiktspunkt Vettisfossen (2019/12439) og om synfaring knytt til stiarbeid Vetti-Vettismorki (2019/12439) den 4. juni, der både DNT, grunneigar, kommunen og Naturhuset var representert saman med forvaltarane og SNO

Elles har det vore offisiell opning av parkeringa ved innfallsporten i Utladalen den 1. juni v/ Årdal kommune. Plassen vart veldig fin, og nasjonalparkinformasjonen har fått ei fin og synleg plassering. Hilmar Høl orienterte om at kommunen er open for å vurdere ei eventuell utviding seinare. Bilete frå opninga ligg på Jotunheimen si Facebook-side.

Kari Sveen orienterte om vedtak i klagesak om bruk av drone i samband med TV-program (2021/2477), der Miljødirektoratet har skrivne ei svært grundig sak som gav full støtte til nasjonalparkstyret sine vurderingar som resulterte i avslaget.

Ho orienterte også om kontrakt med Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) om evaluering av forskriftsendring for bruk av el-sykkel (2021/3711). Evalueringsrapporten skal leggjast fram innan 31.12.21. Evalueringa kan, saman med arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen, verta eit grunnlag for å kunne vurdere eit eventuelt innspel om opning for el-sykkel på andre strekningar. Dette gjeld t.d. Vettisvegen, der det har kome eit konkret spørsmål. Sjå sak 27/2021 om revisjon av forvaltningsplan og kap. 2.4.1 i prosjektplan for revisjonen.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til orientering.

#### **Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 15.04.21 2019/12439**

#### **Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS 2021/2477**

#### **Signert kontrakt - Saksnr. 2021/3711 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Evaluering av forskriftsendring for bruk av el-sykkel 2021/3711**

#### **Høyring - frivillig vern av skog for Lykkja - Årdal 2021/4348**

#### **Utsiktspunkt Vettisfossen - Sti-arbeid Vetti - Vettismorki - Referat frå synfaring 04.05.21 2019/12439**

## **ST 26/2021 Delegerte vedtak**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021**

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tek dei delegerte sakene til orientering.

**12/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone for kartlegging av berggrunn - Scan Survey 2021/5264**

**13/2021 Delegert vedtak - Forlenging av dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre 2021/3018**

**14/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer og avfall til Avdalen Gard - Stiftinga Avdalen Gard 2021/5085**

**15/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021-2022 - Snøskutertransport - materialar til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS 2021/5287**

**16/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - helikopter - transport av målestaker og annet utstyr - målinger på breer og isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat NVE 2021/3694**

**17/2021 Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen Nasjonalpark - Filming med drone - Smørstabbreen og Fanaråkbreen 2021/5658**

**18/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2021 - Bruk av helikopter for transport av materialer til Storeselet på Vettismorki - DNT Oslo og Omegn 2021/5507**

**19/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Snødekt mark - Utkjøring av skiltstativ Besseggen - Vågå Røde Kors 2021/4538**

# ST 27/2021 Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Forvaltningsplan- Opplegg for planrevisjon

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret sluttar seg til gjennomføring av planrevisjonen, i tråd med vedlagt prosjektplan\*

(\*Merknad: prosjektplanutkastet er ikkje endeleg, særleg kapittel om aktørar må supplerast). Forvaltningsplanane blir utarbeidd i løysinga *Forvaltningsplan på nett*, med ein separat plan for kvart verneområde; Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Besøksstrategien blir utarbeidd som felles dokument for Jotunheimen og Utladalen. Strategien blir også sett i samanheng med besøksstrategi for Besseggen, som blir utarbeidd som eit eige dokument knytt til arbeidet med Besseggen som *Nasjonal turiststi*. Nasjonalparkstyret vil som styringsgruppe bli halde orientert som kopimottakar ved alle milepælar, og med oppdatering av status som fast post under styremøta i prosjektperioden. Framdriftsplanen kan måtte reviderast undervegs.

--- slutt på innstilling ---

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021

Svein Håvar Korshavn foreslo at brukarane av verneområdet får ein meir synleg plass i prosjektplanen og at Virke og NHO Reiseliv blir teke inn på lista over aktørar/høyringspartar. Styret slutta seg til innspelet, og forvaltarane innarbeider eit nytt kapittel 1.3 i innleiinga som gjev ei kort oppsummering av at forvaltningsplanen også skal gje føringar for verdiskaping knytt til verneområda.

Trude Brosvik la vekt på at kommunar og andre aktørar må få høve til å koma med innspel tidleg i prosessen, sjølv om ein ventar med opne møte til ein har eit høyringsutkast. Svar: Det med innspel blir tydeleg informert om i oppstartmeldinga, og alle innspel går til Nasjonalparkstyret v/ Statsforvaltaren i Innlandet. Her blir alt journalført, og begge forvaltarane vil arbeide med planen i fellesskap. Vi stiller også på møte, dersom nokon av kommunane ønskjer orientering i kommunestyre eller formannskap.

Innspel om forskriftsendringar kan koma i løpet av prosessen, og saksgang for slike innspel er omtala i kap. 2.4.1 i prosjektplanen, der det står: «*I den grad det kjem slike innspel, kan nasjonalparkstyret etter ei saksvurdering sende ei oppfordring til Statsforvaltaren og Miljødirektoratet om å ta slike innspel opp til vidare behandling.*»

## Vedtak

Nasjonalparkstyret sluttar seg til gjennomføring av planrevisjonen, i tråd med vedlagt prosjektplan.\* Det blir innarbeidd eit nytt kapittel 1.3 om verdiskaping og bruk/vern i prosjektplanen. Virke og NHO Reiseliv blir teke inn som høyringspartar.

(\*Merknad: prosjektplanutkastet er ikkje endeleg, særleg kapittel om aktørar og høyringspartar må supplerast).

Forvaltningsplanane blir utarbeidd i løysinga *Forvaltningsplan på nett*, med ein separat plan for kvart verneområde; Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Besøksstrategien blir utarbeidd som felles dokument for Jotunheimen og Utladalen. Strategien blir også sett i samanheng med besøksstrategi for Besseggen, som blir utarbeidd som eit eige dokument knytt til arbeidet med Besseggen som *Nasjonal turiststi*.

Nasjonalparkstyret vil som styringsgruppe bli halde orientert som kopimottakar ved alle milepælar, og med oppdatering av status som fast post under styremøta i prosjektperioden. Framdriftsplanen kan måtte reviderast undervegs.

## **ST 28/2021 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**

### **Innstilling frå forvaltar**

Utvalet av *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* innan gamle Oppland fylke inkluderer tre landskap i randsonen til Jotunheimen: Bøverdalen, Tesse/Smådalen og Gjende/Sjodalen. Bevaring av desse landskapa gjev både lokalsamfunna og dei tilreisande ein ekstra verdi. Ved å skjerme desse mot dominerande utbygging og ta vare på særlege landskapsverdiar gjennom aktiv skjøtsel, vil ein også i framtida kunne sjå samanhengane mellom gardsdrifta og setringa i dalføra rundt nasjonalparken og bruken av fjellområda med sine beiteressursar og andre ressursar for hausting gjennom fiske, jakt og fangst.

Nasjonalparkstyret stiller seg positivt til at tilrådingane i kulturlandskapsrapporten kan inngå som føringar i arealplanane i dei to kommunane Lom og Vågå, men bruken av randsonene til verneområda ligg under kommunane sitt ansvar og myndigheitsområde. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka vil kunne krevje tilgang på ekstra ressursar, og det er derfor viktig at dei utvalde landskapa blir fylgde opp med nødvendige ressursar til kommunane og til brukarane av dei verdfulle landbruks- og kulturlandskapsområda.

Landskapet *Gjende og Sjodalen* i Vågå omfattar også areal innan Jotunheimen nasjonalpark, i området rundt Gjende, Bessvatnet og Russdalen. Foreslåtte tiltak kan støtte opp om verneverdiane, og er ikkje i konflikt med verneforskrifta. Nasjonalparkstyret har i fleire år prioritert bruk av tiltaksmidlar til aktiv skjøtsel av kulturlandskapet rundt Gjendebu i vestre delen av Gjende, og vil understreke at det må vera ressursar til slik oppfølging også i framtida, dersom tilrådingane i rapporten skal kunne følgjast opp.

I den pågåande revisjonen av forvaltningsplan for Jotunheimen vil kulturminne og kulturlandskap vera blant dei sentrale tema for å følgje opp delmål i formålsparagrafen. Historisk vandrerute gjennom Jotunheimen er eit viktig element i kunnskapsformidlinga retta mot besøkande, og innhaldet i vandreruta bør vidareutviklast og tilretteleggast i samarbeid med både fagmiljø og reiselivs- og friluftsansisasjonar. Utviklinga må skje på ein måte som også tek vare på verneverdiane, og ein føreset god involvering av nasjonalparkstyret, som vil gje føringar for organiserte ferdselsopplegg gjennom besøksstrategien som er til revisjon. Vi saknar elles eit generelt fokus på informasjon/formidling av dei kulturhistoriske landskapa.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021**

### **Vedtak**

Utvalet av *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* innan gamle Oppland fylke inkluderer tre landskap i randsonen til Jotunheimen: Bøverdalen, Tesse/Smådalen og Gjende/Sjodalen. Bevaring av desse landskapa gjev både lokalsamfunna og dei tilreisande ein ekstra verdi. Ved å skjerme desse mot dominerande utbygging og ta vare på særlege landskapsverdiar gjennom aktiv skjøtsel, vil ein også i framtida kunne sjå samanhengane mellom gardsdrifta og setringa i dalføra rundt nasjonalparken og bruken av fjellområda med sine beiteressursar og andre ressursar for hausting gjennom fiske, jakt og fangst.

Nasjonalparkstyret stiller seg positivt til at tilrådingane i kulturlandskapsrapporten kan inngå som føringar i arealplanane i dei to kommunane Lom og Vågå, men bruken av randsonene til verneområda ligg under kommunane sitt ansvar og myndigheitsområde. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka vil kunne krevje tilgang på ekstra ressursar, og det er derfor viktig at dei

utvalde landskapa blir fylgde opp med nødvendige ressursar til kommunane og til brukarane av dei verdfulle landbruks- og kulturlandskapsområda.

Landskapet *Gjende og Sjodalen* i Vågå omfattar også areal innan Jotunheimen nasjonalpark, i området rundt Gjende, Bessvatnet og Russdalen. Foreslåtte tiltak kan støtte opp om verneverdiane, og er ikkje i konflikt med verneforskrifta. Nasjonalparkstyret har i fleire år prioritert bruk av tiltaksmidlar til aktiv skjøtsel av kulturlandskapet rundt Gjendebu i vestre delen av Gjende, og vil understreke at det må vera ressursar til slik oppfølging også i framtida, dersom tilrådingane i rapporten skal kunne følgjast opp.

I den pågåande revisjonen av forvaltningsplan for Jotunheimen vil kulturminne og kulturlandskap vera blant dei sentrale tema for å følgje opp delmål i formålsparagrafen.

Historisk vandrerute gjennom Jotunheimen er eit viktig element i kunnskapsformidlinga retta mot besøkande, og innhaldet i vandreruta bør vidareutviklast og tilretteleggast i samarbeid med både fagmiljø og reiselivs- og friluftsansjasjonar. Utviklinga må skje på ein måte som også tek vare på verneverdiane, og ein føreset god involvering av nasjonalparkstyret, som vil gje føringar for organiserte ferdselsopplegg gjennom besøksstrategien som er til revisjon.

Vi saknar elles eit generelt fokus på informasjon/formidling av dei kulturhistoriske landskapa.

## **ST 29/2021 Eventuelt**

# **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 07.06.2021**

## **Vedtak**

Det var ingen saker til behandling under eventuelt.

Orienteringar:

- Eldrid Nedrelo orienterte om felles styresamling med Breheimen og Jostedalsbreen i Jostedalen 16.-17. september. Vi prøver å få gjennomført møte saman med rådgjevande utval i forkant av samlinga, den 16. september. Dette blir foreslått lagt til ei av bedriftene langs Sognefjellsvegen. Det kan vera aktuelt med overnatting her frå 15. sept.
- Timar til førbuingar:  
E-postmøte 11. mai: 1 time førbuing + 1 time møte  
Dagens møte 3 timar førbuing + 1 time møte